

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

**Kjell Gitton Håland (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i KODE. Håland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samråystes at Håland var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd litra e) nr. 2.

Kjell Gitton Håland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Stian Jean Opedal Davies (A)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Nytt punkt 2

Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr. 50 mill. til nytt magasin for KODE vert innvilga, under føresetnad at Bergen kommune og staten bidrar med tilskot til KODE for nedbetaling av heile lånebeløpet. Garantien sine øvrige vilkår, blant anna garantien sin varigheit, vert gitt i samsvar med avtale mellom KODE og lånegjevar.

Det vert vist til Bergen bystyre sitt vedtak i Bergen kommune sin 1. tertialrapport 2020. Her vert årleg tildeling auka til nedbetaling av lånet til totalt kr 5.000.000 og vert innarbeida i budsjett- og økonomiplan. Videre visar ein til tilskotsbrev 2020 frå Kulturdepartementet til KODE der årleg tildeling til KODE vert auka til kr 3.000.000 til same formål.

Nytt punkt 3

Vedtaket i punkt 1 og 2 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

Nytt punkt 4

Vestland fylkeskommune held framleis fast på at KODE Kunstmuseer og Komponisthjem har ei sentral nasjonal rolle i forvaltinga av vår felles nasjonale kulturarv. Dette vil seie at staten har hovedansvar for finansieringa av KODE.

Vestland fylkeskommune vil understreke at om staten hadde bidratt til finansieringa av KODE i samsvar med sine klare forpliktingar, ville ikkje KODE ha vore i den prekære situasjonen som museet no opplever. Då hadde det heller ikkje vore behov for garantistilling frå fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune ber staten omsider auke sine årlege tildelinger slik at KODE både får ein føreseieleg drift og får reelle mogleigheter til å utvikle seg i tråd med sitt nasjonale mandat. Etter at regjeringa vedtok å fråfalle den planlagde oppgåveoverføringa på kunst- og kulturfeltet til regionane, har staten stadfestat sitt hovedansvar for KODE og for dei andre musea i Vestland.

Vestland fylkeskommune forventar at politisk leiing i Kulturdepartementet har ein løpende dialog med politisk leiing i Bergen kommune og i Vestland fylkeskommune angåande den finanzielle situasjonen til KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. Fylkeskommunen vil ta initiativ til møte med Kulturdepartementet og Bergen kommune.»

### Avrøyting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (Pp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 fekk 3 røyster (FNB, Frp) og fall.

Davies sitt forslag punkt 2 og 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (FNB, Frp, Pp).

Davies sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (FNB, Frp, H, Pp).

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr. 50 mill. til nytt magasin for KODE vert innvilga, under føresetnad at Bergen kommune og staten bidrar med tilskot til KODE for nedbetaling av heile lånebeløpet. Garantien sine øvrige vilkår, blant anna garantien sin varigheit, vert gitt i samsvar med avtale mellom KODE og lånegjevar.

Det vert vist til Bergen bystyre sitt vedtak i Bergen kommune sin 1. tertialrapport 2020. Her vert årleg tildeling auka til nedbetaling av lånet til totalt kr 5.000.000 og vert innarbeida i budsjett- og økonomiplan. Videre visar ein til tilskotsbrev 2020 frå Kulturdepartementet til KODE der årleg tildeling til KODE vert auka til kr 3.000.000 til same formål.

3. Vedtaket i punkt 1 og 2 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.
4. Vestland fylkeskommune held framleis fast på at KODE Kunstmuseer og Komponisthjem har ei sentral nasjonal rolle i forvaltinga av vår felles nasjonale kulturarv. Dette vil seie at staten har hovudansvar for finansieringa av KODE.
5. Vestland fylkeskommune vil understreke at om staten hadde bidratt til finansieringa av KODE i samsvar med sine klare forpliktingar, ville ikkje KODE ha vore i den prekære situasjonen som museet no opplever. Då hadde det heller ikkje vore behov for garantistilling frå fylkeskommunen.
6. Vestland fylkeskommune ber staten omsider auke sine årlege tildelingar slik at KODE både får ein føreseieleg drift og får reelle moglegheiter til å utvikle seg i tråd med sitt nasjonale mandat. Etter at regjeringa vedtok å fråfalle den planlagde oppgåveoverføringa på kunst- og kulturfeltet til regionane, har staten stadfestat sitt hovudansvar for KODE og for dei andre musea i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune forventar at politisk leiing i Kulturdepartementet har ein løpende dialog med politisk leiing i Bergen kommune og i Vestland fylkeskommune angåande den finansielle situasjonen til KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. Fylkeskommunen vil ta initiativ til møte med Kulturdepartementet og Bergen kommune.